

# Utdrag av beretning om skyssordning til og fra Vestre Porsgrunn som også inkluderte Ånerød.

Kilde Solum Historielag Årsskrift 1955 av EG



Ånerød gård i dag

«I 1782 kom så meir faste reglar for gjestgjevarane. Fogd Thornsohn som held til på Søve, sette då opp ein spesifikasjon over kva plikter det låg til kvar gjestgjevar, og den hjelp dei kunne nytta til skyssing av dei reisande. For Vestre Porsgrunn skulle det og no vera plikt til å skyssa til Fjærestrand tillands og Brevik tilvanns. Pengeskyssa som skulle vera til hest, var underlagt 6 hestar frå Klyve, 5 hestar frå Knardal og 6 hestar frå Ånerød.

Til friskyssa var underlagt Rugtvet og søre Sjøtvet med 3 hestar kvar, Bjørntvet 5 hestar, Røra, nordre Sjøtvet, Grøtvik og Ørevik kvar 2 hestar. Friskyssa skulle tilseias av lensmann, og til å utføra dette arbeid hadde denne tilsett ungt mannskap, - Nils Pedersen med ei årleg løn av 5 rdl.

Vannskyssa skulla gjerast av strandsitterane i Vestre Porsgrunn og tilseias for kvart år som eit ombod.

Det har ikkje alltid vore bru over Porsgrunnselva. Transporten frå vest til aust og omvendt var før det kom bru, utført med båtar og prammar. Kammerherre Søren Løvenskjold fekk i 1683 løyve av Kong Christian 7 til å driva denne fergetrafikk med reisande og kva dei skulle ha med seg. Prisane for slik overfart var for ein person utan tøy 2 skilling (sk), for ein laus hest 6 sk, 1 slede eller karjol 4 sk, 1 hest med slede, vogn, karjol eller karet t kosta 12 sk. 1 td. gods og andre ting i samme forhold 2 sk. I avgift skulle Løvenskjold svara 1 rdl. 48 sk., og elles på dei vilkår at det måtte haldas dyktige folk og godt materiell. -

I Gråten var Knud Pedersen Tisted gjestgjevar frå 1722 og greide med trafikken mellom Gråten og Fjærestrand. Då han alt var ein gamal mann, gav han 1731 frå seg bevillinga til Iver Ludvigsen Blehr. Det vart då sett opp reglar om godtgjørelse for frakting til Fjærestrand, og likeeins for skyss med pram til Porsgrunn.»